

11 JUN 2012

11 / 763 - 101

Det kongelige kulturdepartement

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo


Endring i lov om folkebibliotek

Kulturleiargruppa i Nordfjord vil kome med fylgjande uttale :

1. Ein ser positivt på dei endringane som er gjort i høve justering av føremålsparagrafen. Det vert auka fokus på formidlingsansvaret folkebiblioteka har og rolla som møteplass og kulturarena vert tydeleg.
2. Det er svært viktig at det framleis skal vere krav om folkebibliotek i kvar kommune og at det ikkje lenger er høve til dispensasjon frå utdanningskravet.
3. Kommunane kan inngå ulike samarbeidsmodellar for å legge til rette for kvalitative gode bibliotektenester i alle kommunar og slik kan ein ikkje organisere seg vekk frå ansvaret om ei god bibliotekteneste.
4. For kommunane er det svært viktig med eit sterkt bibliotekfagleg miljø på fylkesplan.

For kulturleiargruppa i Nordfjord

Representerer Gloppen, Stryn, Hornindal, Selje, Eid, Vågsøy og Bremanger



Jan-Kjetil Øygard

Kultursjef

Gloppen kommune

Sandane 29.mai 2012.